



# SKULTBAKKEN

Av Knut Raastad, januar 2009

Skultbakken gnr. 87 bnr. 4.

*I 1873 - 1874 vart det bygd veg frå Kvitlandet til Fluguhaugen som fyrste del av setervegen til Sjodalen, traseen vart da ved Synnesonstugu utanfor Skultbakken. Men den gamle vegen eller stigen til Synsligrenda og fjellet gjekk truleg gjennom garden i Skultbakken, frå nedantil steig han opp like etter der røyrgata nå passerer riksvegen. Like forbi Skultbakken låg bruket Veien eller "Iveien" eller "Attiveien", tomta etter stugu er like bortanfor fjaset i Skultbakken. Namnet kom av at dette låg kloss inntil vegen. Den gamle vatningsveita frå Grova og nedover i grenda går like opp for gjerdet i Skultbakken, delvis står det nå hus oppå.*

*Vi finn ikkje at nokon har tyda namnet Skultbakken, søk på nettsider til Universitetet i Oslo viser innsamla ord skult og skulta frå mange plassar i Norge som viser ulike tydingar, nynorskordboka gjev også fleire val. Skuls, altså gjera opp seg i mellom, fri for krav er ei tyding. Skolt som skalle eller lite rundt berg, rund knatt, knaus er ei anna tyding. Frå fjellet har vi skulen, for eksempel Svartskulen, som tyder bratt bergknaus, frå Trøndelag har namnet Skollen vore forsøkt tolka som skard, fjellskard. Ei anna tyding er å skumpe til nokon eller riste. Gjer ein oppslag på skutle i nynorskordboka finn ein tydinga skuve fram eller gli med fart og kraft, "det skusla eller skutla nedover bakken".*

*Lokaluttala av Skultbakken er Skuhl-bakken på same måten som lyden i Vehl-setra. Trond Ole Haug som har skrivi boka "Stadnamn frå Vågå" seier at uttala gjer at han meiner at namnet kjem av det gammalnorske ordet skutla, sjølv om skrivemåten skulle tilseia at namnet kjem av skult eller skulta.. I og med at dette var ein viktig ferdselsveg og at han ved*

*Skultbakken rundar frå Ottadalen og innover til fjellet, vil det vera rimeleg å tru at det kan ha vore etablert eit namn her før det kom busetjing på denne plassen. Namnet kan såleis vera gammalt og ha tilknytning til at her gjekk vegen frå fjellet over i eit bratt parti der det glei med fart og kraft, der lasset skaut på.*

*I folketellinga 1801 er nemnd under Sønste-lien Ole Pedersen som brukar av rydningsplass. Soldat Ole Pedersen vart 23.5.1788 gift med Marit Jonsdotter, og da andre ungen vart døypt i 1793 er han nemnd som Ole Skultbakken. I og med at plassen er nemnd som rydningsplass, er dette truleg dei som starta i Skultbakken, og da er året om lag 1790. Marit Jonsdotter 1760-1802 var frå Klonesbakken. Det er uklårt kvar Ole Pedersen 1761-1811 var frå, men dei fleste fadderane da fyrste ungen vart døypt kom frå Nordherad i området rundt Berge. Det er mogleg Ole var han som vart fødd 5.7.1761 og son til ein Peder Larsen, for da var det også fadderar frå same grenda. Jon Storvik er oppført som vitne ved vigselen så det er mogleg han var på Storvik da, dette er truleg nordgard Storvik. Ole og Marit hadde barna*

- 1. Peder Olsen 1789-1858, neste brukar*
- 2. Kari Olsdotter 1793-1872, gift 1829 med Jon Iversen Ramen (Storvikseie) 1802-1873*
- 3. Jon Olsen 1797-1838, gift med Ingrid Hansdotter Stokstadeie 1796-1877, dei budde på Storviksøygarden.*

*Både Ole og Marit døydde tidleg, Marit var 42 år i 1802 og Ole 50 år i 1811. Den yngste sonen var berre 5 år da mora døydde, og da faren døydde var han 14 år. Da vart det den eldste Peder som fekk ansvaret, berre 22 år gammal. Fire år seinare, i 1815, vart Peder Olsen Skultbakken 1789-1858 gift med Imbjør Knutsdotter Kleppeeie (søre Bergum) 1793-1868. Peder Olsen var skreddar, treskjærar, postberar og smed, og arbeidde i prestgarden.*

*Peder Olsen og Imbjør Knutsdotter hadde barna:*

- 1. Ole Pedersen 1816-1893*
- 2. Knut Pedersen 1819-1888*
- 3. Peder Pedersen 1825-1907*
- 4. Knut Pedersen d.y. 1826-1868*
- 5. Mari Pedersdotter 1830-1831*

6. Knut Pedersen 1832-1832

7. Guri Pedersdotter 1836-

Da Peder Olsen døydde i 1858 er han nemnd som leiglending i Skultbakken. Dette viser at Skultbakken da ikkje var husmannsbruk, men bygselbruk i almenninga/sameia. Dei fleste av barna til Peder og Imbjør vart buande i Skultbakken m.a. ved at søre og nørdre Skultbakken vart bygd i tillegg til midtre.

Imbjør Knutsdotter Kleppeie er ved dåpen innskrivi som dotter til Guri Knutsdotter 1766- og mannen hennar Knut Pedersen Kleppeie 1767-1850, men ho skulle eigentleg vera dotter til Knut Amundsen Skurdal som kom til Svarvarhaugen. Knut Amundsen vart da bestefar til Peder Pedersen Skultbakken 1825-1907, samtidig vart han bestefar til Brit Knutsdotter Svarvarhaugen som var mor til Ivar Kleiven. Det er fleire historier om at Peder Pedersen Skultbakken gjekk i skreddarlære i Svarvarhaugen og vart forlova med Brit Svarvarhaugen, men på grunn av for nært slektskap nekta foreldra henne å få gifte seg med han.  
(Kjelde: -sagt og skrivi 1996)

Etter at Peder Olsen døydde 8.4.1858 overførde enkja Imbjør Knutsdotter plassen Skultbakken til sonen Peder Pedersen, overdraging og føderådavtale er tinglese 9. mars 1859.

*Føderaadsbrev.*

Vi undertegnede Imbjør Knudsdatter Skultbakken, Enke efter afdøde Peder Olsen, med Laugværge Ole Gulbrandsen Rusnæs, vedgaar herved at have overdraget min paaboende Plads Skultbakken, saavel Huse som Jordvei, og for øvrig med samme Ret og Forpligtelser, som jeg selv besidder den til min Søn Peder Pedersen Garmostræet til sin Eiendom, imod at hand erlægger mig en aarlig Føderaad som efterfølger: 1. Forbinder jeg mig Peder Pedersen at svare til min Moder 5, a fem Voger godt Byg og en Vog god Rug Aarlig samt et Bismerpund Salt. 2. Forbinder jeg mig til at rygte og Føde saavel Vinter som Sommer 4 Smaae Kreaturer, hvoraf 2 af Yngelen skal følge Moderen til Høsten. 3. Forbinder jeg mig til at holde hende varmt Huus paa Pladsen samt røgt og Pleie saavel i sunde som i syge Dage, saalænge hun lever, og skulde jeg ikke finde forgodt at boe paa


*Pladsen, saa ere vi saaledes forenede, at hun vil opholde sig der, som jeg selv boer, naar hun bliver saa gammel og svag, at hun ikke kan røgte og peie sig selv. At vi saaledes ere blevne forenede bekræfter vi her med vore Hænders Underskrift og i tvende Vidners Overvær. Skultbakken den 11. Mai 1858. Imbjør Knudsdatter Skultbakken mfP. Peder Pedersen Garmoestrædet mfP. Som Vidner: Jakob Valde. John Iversen Valde mfP.*

*Imbjør Knutsdotter er i 1865 nemnd som føderåds-kone i midtre Skultbakken. Føderådsavtala frå 1858 med m.a. bygg i yting viser at det var midtre Skultbakken Peder Pedersen overtok, på søre og nördre Skultbakken var det ikkje sådd åker. Det var heller ikkje dyr på nördre og søre i 1865, og i 1875 var det einast nokre geit på søre. Dette viser at både søre Skultbakken og nördre Skultbakken ikkje var noko jordbruk, men heller berre buplass med ei stugu på kvar plass. Slik ser det ikkje ut til at Skultbakken vart delt mellom brørne, men heller at to av dei har etablert seg med familiar i eigne stugu samtidig som foreldra har drivi plassen.*

*Peder Pedersen 1825-1907 vart 1852 gift med Thorø Olsdotter Garmotrædet, dotter til Ole Pedersen Garmotrædet 1800- og Mari Hansdotter Nyrneshaugen 1799-1862. Dei hadde barna*

- 1. Peder Pedersen 1851-1918, til USA i 1868, gift med Aasne .., Elroy WI i 1882*
- 2. Ole Pedersen 1854-1944, gift med Kristine Larsen*
- 3. Hans Pedersen 1856-1935, gift med Inger Nordahl 1860-, Bø i Vesterålen*
- 4. Knut Pedersen 1859-1952, gift 1898 med Bergljot Bassøe Bech 1873-, skilt 1906 gift andre gong 1909 med Anne Marie Andersen 1881-, budde ved Grimstad, diktar, tok namnet Hamsun etter garden Hamsund på Hamarøy*
- 5. Anne Marie Pedersdotter 1862-1888, gift med Kristen Kristiansen*
- 6. Sofie Marie Pedersdotter 1864-1890, gift med John Andreas Mork*
- 7. Peder Thorvald Pedersen 1868-1941, gift med Anna Folvik 1871-, gift andre gong med Jenny Stenseth 1899-.*

*Familien er nemnd på Garmotrædet i 1850-åra, og også i 1862. Heile familien flytta til Hamarøy i 1862.*



Kart som viser utskiftinga av Stranden sameige 1878.

### **Midtre Skultbakken**

I midtre Skultbakken budde i 1865 Knut Pedersen 1819-1888, han vart 1842 gift med Ragnhild Iversdotter Aasen Kleppeeie 1820-. Dei er nemnde som inderstar i Aasen frå 1844 til 1847, men kan ha vore på Skultbakken i 1851 og 1855. I 1858 budde dei i Kveen. Men i 1864 var Knut og Ragnhild i Skultbakken, dei har truleg overteke i Skultbakken seinast da Peder Pedersen reiste til Hamarøy i 1862. Knut og Ragnhild hadde barna

1. Marit Knutsdotter 1842-, til Gran på Hadeland 1867
2. Iver Knutsen 1844-1863, til Hamarøy 1862
3. Peder Knutsen 1847-, neste brukar
4. Singdal Knutsen 1851-, til Christiania i 1873
5. Johan Knutsen 1855-, utflytta til Christiania 1873, men i Skultbakken 1875
6. Imbert Knutsen 1858-1860
7. Imbiør Knutsdotter 1864-, gift med Hans Pedersen frå Stange 1857-, dei fekk barna Peder 1884- og Karl Kristian 1885-, til Kristiania.

*Knut Pedersen arbeidde i Prestgarden der han både i 1865 og 1875 er nemnd som husbondskar. I 1865 er det kjerringa som er nemnd som husmoder i Skultbakken. I liste over bygselavgifter i Nordherredsmarkens og Strandens Bygdealmemming frå 1878 går det fram at Knut Pedersen betalte kr 1,60 pr. år for den gamle innhegninga, men han har utvida med ei ny innhegning og for dette betalte han kr 0,80 pr. år frå 1871. I motsetning til mange andre var han ikkje skuldig bygselavgift, tenesta i Prestgarden gav nok kontantar. Peder Knudsen døydde i 1888, han var da på legd på Fellese.*

*Peder Knutsen 1847- vart 1871 gift med Marit Andersdotter Tasmyrhaugen 1841-, dotter til treskjæraren Anders Tassmyrhaugen 1790-1863 og Barbro Olsdotter . Peder og Marit fekk barna Knut Pedersen 1871-, Ragnhild Pedersdotter 1874- og Barbro Pedersdotter 1877- (gift med Anders Karussbakken 1864-1940, dei kjøpte både Uppigard nord Sandbu og nordgard Blessom, men enda på Skurdal i Sør-Fron). I 1875 er Peder Knutsen nemnd som brukar av plassen. Heile familien reiste til USA i 1879, men Barbro og mannen kom att.*

*I midtre Skultbakken budde i 1865 også syster til Peder Pedersen og Knut Pedersen. Guri Pedersdotter 1836- er nemnd som logerande saman med barna. Utan å vera gift hadde ho med Hans Hansen nørdrø Valdeie (Bondestugu) 1835-1914 barna:*

- 1. Hans Hansen 1854-, gift 1879 i Trondheim med Eli Jakobsdotter Husehaugen 1852-*
- 2. Knut Hansen 1856-, utflytta til Trondheim 1875*
- 3. Peder Hansen 1859-, truleg utflytta til Kristiania 1884*

*Guri Pedersdotter er nemnd i Skultbakken både i 1854 og 1859, ho flytte til Trondheim i 1878.*

*I 1865 var det på midtre Skultbakken 2 kyr, 1 sau og 5 geit, medan det vart sådd ½ tønne bygg og ½ tønne poteter. I 1875 var det om lag det same, men det var auka til ¾ tønne bygg.*

### **Nørdre Skultbakken**

*I 1865 budde Knut Pedersen d.y. 1826-1868 i nørdre Skultbakken, han var skreddar. Knut hadde med Rønnaug Knutsdotter Valdeie sonen Ole Knutsen 1849-, han kom til Lamo i Vårdalen. Knut Pedersen vart gift med Mari Iversdotter Nyrneshaugen (Kongelhaugen) 1823-1868, dei fekk barna*

- 1. Kari Knutsdotter 1848-1868*
- 2. Peder Knutsen 1850-, utflytta til Steinkjer 1872*
- 3. Knut Knutsen 1852-1868*
- 4. Eli Knutsdotter 1854-1868*
- 5. Imbiør Knutsdotter 1861-1868*
- 6. Hans Knutsen 1866-1868*

*Familien budde i 1852 i Skreppholet, og mogleg også ei tid i Kongelhaugen. Men både i 1854, 1861 og 1865 er dei nemnde i Skultbakken. I 1868 var Knut på vegarbeid i Oppdal på vegen mot Sunndal. Han hadde familien med seg, dei budde på garden Kletthammar. Eit stort snøras tok livet av 32 menneske, av desse 21 frå Gudbrandsdalen og mellom dei sju av Skultbakk-familien.*

### **Søre Skultbakken**

*I 1865 budde Ole Pedersen 1816-1893 i søre Skultbakken, han er nemnd som dagarbeidar. Ole er nemnd med Skultbakken som plass og innhegning i Nordherad almenninga i 1853 samtidig med faren, dette viser at det da var etablert ein bustad i tillegg til det gamle Skultbakken. I åra 1867-1878 betalte Ole bygselavgift til almenninga med kr 0,40 pr. år, dette er opplista under nye innhegningar. Ole Pedersen vart 1842 gift med Marit Syversdotter Sveen 1816-1853, dei hadde barna:*

- 1. Peder Olsen 1841-1927, gift 1867 med Kari Larsdotter Sæta 1835-, etter dei gifta seg budde dei på Høgste, ei stugu like ved vegen lenger opp enn Skultbakken, barna var Marit 1860-, Johan 1862-1859, Ole 1864-1949, Kari 1867-1937, Rønnoug 1871-, Ragnhild 1873-, Anne 1876-*
- 2. Syver Olsen 1844-1846*
- 3. Marit Olsdotter 1847-, gift 1868 med Jakob Olsen Faukstadeie 1837-, familien til Jakob var busett i Synnesonstugu i 1865, og i 1875 og 1880 var dei busette der. 1868 og 1872 er dei nemnde i Skultbakken, men det kan vera at Synnesonstugu som ligg like innåt Skultbakken har vore nemnd som Skultbakken. Barna var Ole 1868-, Mari 1872-, Hans 1877-og Imbjør 1880-1884*

4. *Sigrid Olsdotter f. 1849, hadde barna Ymbjørg Hansdotter 1878- med Hans Olsen Flåten 1858-, og Ole Hansen Ramen 1881- med Hans Pålsen Høgberget 1855-, Sigrid vart gift 1886 med enkjemann Syver Knutsen Vistekleiven 1817-1891 og fekk dottera Mari 1886-.*

5. *Syver Olsen 1853-*

*Ole Pedersen hadde før ekteskapet sonen Peder Olsen Raastadeie 1838- med Anne Jørgensdotter Raastadeie 1813-1848.*

*Med Anne Svendsdotter Synslien 1830- fekk han sonen Ole Olsen 1862-1945 (Kampen). I 1865 budde dei i Synnesonstugu, og seinare budde dei i Kampen opp for Skultbakken. Ho hadde også dottera Guri Iversdotter 1854-1936, faren var Iver Anderssen Sønstelién. Folket i Kampen er ofte nemnd som Skultbakken.*

*Etter at Ole Pedersen vart enkjemann fekk han med Rønnaug Johnsdotter Randen 1825- barna*

1. *Ragnhild Olsdotter 1856-, til Helgeland 1887*

2. *Anne Olsdotter 1859-, utflytta til Rennebu 1875, til Hønefoss 1887*

3. *Ole Olsen 1863-, til Kristiania 1889*

4. *Knut Olsen 1872-*

*Tidlegare hadde Rønnaug Randen sonen John Pedersen 1848-1868, faren var Peder Andersen Lysaker. John omkom i skredulykka i Oppdal i 1868.*

*I 1865 budde Ole Pedersen saman med døtrene Marit og Sigrid i Skultbakken. I 1875 bur Rønnaug Johnsdotter og sønnene Ole Olsen og Knut Olsen i Skultbakken. Dei er da nemnde på nørdré Skultbakken, men viss dette ikkje er forveksling av kva som er nord og sør, bur dei ikkje i stugu til faren.*

*Ole Pedersen 1816-1893 vart gift andre gong i 1891 med Imbiør Hansdotter Bondestugu 1841-1910, men dei hadde ikkje barn.*

*Strandens sameie omfatta området mellom Ringnesset og Vistekleiven i aust og Tessa i vest, med unntak av skogsområdet til Valde. Sameia vart utskifta med tinglysing 21.1.1878. Gardbrukarane i øvre Nordherad påstod at dette var almenning som dei også hadde rettar i, da det til enkelte av desse gardane hadde vorte svara avgift eller arbeid frå enkelte av plassane som tilhørde dette området. Men det vart da vist til at bygselavgiftene dei siste 20 år og kanskje lenger hadde vorte betalt berre med pengar, og gardane i øvre Nordherad*



*hadde korkje fått noko av dette eller av erstatning for avstått grunn til nyvegen langs Vågåvatnet. Fleire frå øvre grenda hadde til og med delteke i denne avgjerda. Utgangen vart at området vart rekna som sameie og skogen delt. Sameieplassane vart fordelt slik at nørðre Ringnesset vart delt mellom Fellese og oppigard Viste, Helle fekk Lande og midtre Randen, Bukkesteinen og nørðre Randen kom under nordgard Viste, sygard Valde fekk Øygardsnesranden og Heggeholet, medan Kvassranden og Steinen kom under nordgard Valde. Øygardsneset vart samtidig seld og gjorde at staten som eigar av Lye fekk betaling som sin del.*

*I Hellreo kom Synnesonstugu, Svelstad og Brun seter som låg ovanfor vegen ved Svelstad under nordgard Sandnes, medan sygard Sandnes fekk Veien. Søre Skultbakken vart husmannsbruk under garden Sande og samtidig kom nørðre Skultbakken under oppå Strond. Kartet viser at nørðre Skultbakken berre var ei lita innhegning, og verdien var berre ein tidel i høve til søre Skultbakken. Midtre Skultbakken er ikkje nemnd, truleg har søre og midtre vorte i hop og da nemnd som søre Skultbakken, eller på kartet berre som Skultbakken. Det er lite som tyder på at desse bruka vart husmannsbruk med arbeidsplikt, truleg var det framleis slik at leia vart betalt i kontantar, men nå ikkje lenger til bygdaalmenninga i Nordherad.*

### **Nye folk**

*I 1875 er det nye folk i søre Skultbakken, Peder Olsen Einstulen 1826-1877 er da nemnd som husfar med forskjellig arbeid. Peder Olsen vart 1853 gift med Rønnoug Knutsdotter Flatåsen 1823-1889. Peder omkom i 1877 "da han fastened i isen og druknede", han er da nemnd som fattiglem. Peder og Rønnoug budde tidlegare i Wisteeie og Storvikseie, og i 1865 var dei losjerande i nedre Brun. Dei hadde barna Ole 1854-, John 1856- og Imbert 1859-.*

*Rønnoug Knutsdotter døydde i 1889 og er da nemnd som inderstenkje i Skultbakken. Da var det sonen John Pedersen som hadde overteke. Han er nemnd som husmann i Skultbakken i 1887.*

*Det kan sjå ut til at familien også har overteke bruken av heile Skultbakken frå ein gong mellom 1878 og 1887. John Pedersen vart 1885 gift med*

*Marit Arnesdotter Flaten 1849-, dei hadde barna Rønnoug 1880-, Ole 1887-, Anders 1887- og Ymbjør 1891-. Både i 1887 og 1891 var dei i Skultbakken, men i 1900 var dei komne til Ringnesset.*

*Bror til John, Imbert Pedersen 1859-1945 budde i Skultbakken som inderst i 1892, men i 1894 var det han som var husmann. Imbert vart 1885 gift med Ymbjør Olsdotter Valbjørslykkja 1862-, og frå 1897 eller litt før budde dei i øvre Valbjørslykkja. Dei hadde barna Peder 1883-, Kari 1887-1887, Kari 1888-, Ole 1892-, Ragnhild 1894-, Anne 1897-, Paul 1900- og Ivar 1904-.*

*I 1900 var Ole Imbertsen Synnesonstugu (Kleiven) 1840- husmann og forpaktar i Skultbakken, han var frå nedre Kleiven i Nordherad, son til Imbert 1814-1875 og Marit 1814-1893. Ole vart 1883 gift med Marit Jonsdotter Kvitulen 1850-1915, dotter til Ingeborg Knutsdotter 1827- og John Olsen Storvikseie, Ole og Marit budde i 1890 i Synnesonstugu, men i 1900 var dei i Skultbakken. Også da Marit døydde i 1915 var dei i Skultbakken. Ole og Marit hadde barna Iver 1878-1879, Iver 1881-, Knut 1884-1884 og Kari 1890-.*

*Ivar N. Sande selde Skultbakken til Torstein Knutsen Brun for kr 1000,- med overtaking 14.april 1916, frådelling frå Sande med skylddeling og skjøte på gnr. 87 bnr. 4 vart tinglyst 12.1.1918. I kjøpekontrakta er det ikkje nemnd hus, dette i motsetning til samtidig kjøpekontrakt på Veien, så husa har nok tilhøyrd brukaren og ikkje vorte overført til Sande ved utskiftinga. Det var kanskje derfor at Singdal Knutsen måtte godkjenne skjøtet, han var son til Knut Pedersen som var brukar i midtre Skultbakken i 1860- og 70-åra. I kjøpekontrakta går det fram at dette er søre Skultbakken, men fleire bruk i Skultbakken eksisterte det neppe på dette tidspunktet. Torstein Brun kjøpte også nabobruket Veien frå sygard Sandnes i 1916, det året kjøpte han også Bondestugu der han vart busett. Gnr. 87 bnr. 5 Lilleløkken utanfor vegen vart frådelt Skultbakken i 1919, dette selde Torstein Brun til Gunhild Pettersen i 1924. Skultbakken selde han alt i 1919 saman med gnr. 88 bnr. 4 Veien. Kjøpar var Ole Svelstad og kjøpesummen for alt var kr 2200,-.*

*Ole Svelstad var frå Bjørviken, son til Hans Kristensen Vistekleiven 1835- og Thorø Andersdotter Grindstuen 1835-, seinare hadde familien flytta til Svelstad ved vegen lenger opp enn Skultbakken. Ole Hansen Svelstad 1874-1948 vart 1899 gift med Mari Olsdotter Øyen 1872-1954. Dei hadde barna Hans 1900-1973 (neste eigar), Thorvald og Oline (gift Labberud i Fåberg).*

*Hans O. Bakken overtok etter faren i 1930, han vart 1939 gift med Rønnaug Øygarden 1918-, dotter til Jakob Øygarden og Ingrid Løken. Barna er Olav 1939- (gift med Rigmor Andreassen) og Jan Ivar 1947- (gift med Jorun Løken).*

*Jakob P. Kleiven 1911-1997, son til Pål Vistekleiven 1878- og Guri Grind 1874-, kjøpte Skultbakken i 1957. Han vart 1934 gift med Klara Brun 1915-, dotter til Torstein K Brun og Ragnhild Lillesæter, Lom. Dei hadde barna Ragnhild 1934- (gift med Helge Refsahl), Jon 1942-1971 (gift med Solveig Holø 1944- i Skjåk) og Anne Lise 1944- (neste eigar). Familien budde i Bukkesteinen, og brukte Skultbakken som seterbruk til 1970 da dei slutta med kyr.*

*Anne Lise Kleiven overtok Skultbakken i 1972, ho vart 1964 gift med Erling Klevstadberget 1936- frå Nord-Fron. Familien er busett på Stange. Frå sist på 1990-talet har Tor Brun overteke fyrst jorda i Skultbakken, og seinare tunet. Han eig også Bondestugu.*

#### *Kjelder:*

*Birger Bostad: Div. notat om Knut Hamsun og folket i Skultbakken*

*Rolv Fritsvold 1999: Langmorkje Almenning, glimt fra historien*

*Svein Knut Granum m.fl. 1997: Norske Gardsbruk*

*Martinius Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1964: Noko om Knut Hamsun og ætta hans.*

*Tor Korsvold, Gudbrand 1-2008: Omkomne Gudbrandsdøler i snøraset i Klevgardene i Oppdal for 140 år siden*

*Pål Øystein Kvarberg: Notat om slekta i Skultbakken*

*Mari Lien, - sagt og skrivi 1996: Laust og fast omkring Knut Hamsun og Ivar Kleiven*

*Hans Sandviken - sagt og skrivi gjennom ti'in 1996: Om fødestaden til Knut Hamsun*

*Kari Bakke Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv*

*Tor Brun: kjøpekontrakter, munnleg informasjon*

*Folketeljingar 1801, 1865, 1875, 1900*

*Trond Ole Haug: munnleg om namntyding*

*Nord-dalsarkivet Vågå: div. avskrifter frå kyrkjebøker, tingbøker m.m.*

*Nordherad almenning: arkiv div. skriv*

*Pantebok for Nord-Gudbrandsdal: skylddelingsforretning, skjøte*

*Utskrift utskiftingsforretning Strandens sameie 1875-1977*